

Lagleiarmanual Sogndal Fotball

Lagleiarmanualen skal vera eit hjelpemiddel for nye og eksisterande lagleiarar. Som ny lagleiar på miniputt kan det vera til god hjelp å ta kontakt med lagleiarar i eldre årsklassar for råd og tips.

På lag med samanslåtte kull, er det anbefalt at det er ein lagleiar frå kvart kull.

1. Administrasjon av spelarane på laget.

- Før sesongen må ein finne ut kven som vert aktive spelarar denne sesongen.
- Spond må haldast oppdatert til ei kvar tid, slik at medlemssystemet til Sogndal Fotball er nærast mogleg korrekt.
- Minn spelarane og deira føresette på å oppdatere personalia, e-post og mobilnummer på Spond.

2. Koordinering av klubbinformasjon

- I løpet av sesongen vert det sendt ut viktig informasjon frå Sogndal Fotball. Lagleiar er ansvarleg for å vidareformidle denne til rett mottakar: spelar, føresett eller trenar.

3. Leiarkurs

- For lagleiarar er det NFF sine Fotballeiarkurs (1-4) som er aktuelle. Ta kontakt med klubb, om du er interessert i fagleg påfyll.

4. Sjekkliste - førebuing til sesong

Januar/februar:

- Organiser trenar- og lagleiar møte.
- Samle inn kontaktinformasjon til spelarar og føresette.
- Lagspåmelding av lag i samråd med trenarar.
- Send ut haldningskontrakt til spelarar.
- Send ut foreldrevettsreglar til føresette.
- Hent inn godkjenning for bilete til sosiale media og klubbens nettsider.
- Lagleiar møte med NFF Sogn og Fjordane over teams.
- Foreldremøte
 - Treningsdagar og treningstider.
 - Treningsavgift.
 - Mål for sesongen.
 - Turneringar.
 - Fair Play.
 - Haldningskontrakt.
 - Foreldrevettsreglar.
 - Kampvert.
 - Dugnad.

- Økonomi.

5. Dugnad: Oppgåver som fordelast av lagleiar

- Køyrelister.
 - Bruk terminlista og set opp køyring til kampane tidleg. Dersom det er spelarar ein er usikre på om vert med heile sesongen, set desse opp på køyring først.
- Kiosksal.
 - Set opp kiosklister med ansvar for 2-3 kaffikanner og noko enkel bakst. Kan vera ei fin inntekt for lagskassa.
- Vasking av drakter.
 - Samlast inn etter kvar kamp og vaskast. Dette kan gå på rullering, men viktig at alt vert samla inn, for å hindre svinn.
- Kampdugnad.
 - Alle årskull har ulikt ansvar for dugnad under heimekampane til A-laget.
- Lerum Cup.
 - Alle lag i Sogndal Fotball har obligatorisk dugnad under Lerum Cup. Ulike årsklassar har ulik dugnad. Denne informasjonen vert sendt ut frå Sogndal Fotball.

6. Utstyr

- Lagleiar held kontroll over utstyr som er motteke for den komande sesongen.
 - Tell opp ballar, vestar, kjepler og drakter før og etter sesong. Meld tilbake til utstyrsansvarleg i Sogndal Fotball om noko manglar.

7. Kamp

Før bortekamp:

- Ansvarleg for køyreliste ved bortekamp.
- Ansvarleg for reisekasse ved bortekamp.

Før heimekamp:

- Skaffe dommar ved heimekamp. Betaling dekkast gjennom innbetaling eller kiosksal.
- Kontakt bortelag, ønsk dei velkommen og tilby garderobe.
- Fordel ansvar til banerydding, kioskansvar og Fair Play Kampvert.

8. Turnering

- Turneringar skal planleggast i god tid. Foreldre skal vere informert på foreldremøte i forkant av sesongen.
- Lerum Cup og Norway cup er to turneringar som prioriterast av Sogndal Fotball.
- Lagleiar samlar inn deltakaravgift ved påmelding og koordinera evt. dugnad.

9. Økonomi

- Dersom laget ikkje har bankkonto frå miniputt må lagleiar **opprette lagskonto** hjå klubben sin hovudsponsor, Sparebanken Norge. Det er lurt å opprette eige organisasjonsnummer, slik at pengane ikkje står på privatpersonar. Pengar som er komne inn gjennom dugnad i miniputt er det lurt å spare til Norway Cup.
- **Reisekasse.** Ta inn 200-250kr ved første bortekamp, som kan stå på konto. Dette er gode pengar for sesongen. Kan brukast til turnering, klede og uføresette utgifter.

10. Avslutning av sesongen: etter siste kamp

- Oversikt over utstyr. Alt skal leggst i lagskassen etter siste kamp.
- Sørgje for sosial avslutning med laget.
- Sende inn årsmelding til leiar av Sogndal breiddefotball. I årsmeldinga skriv ein kort om sesongen som har vore og legg ved bilete.